Fyresdal kommune

Arkiv: 210
Saksmappe: 2026/1119-1
Saksbeh.: Kjersti Bergland
Dato: 21.10.2026

Saksframlegg

Investeringsrekneskapen 2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:
Utskrift frå økonomisystemet.

Bakgrunn for saka:
I fylgje økonomireglementet skal kommunestyret innan utgangen av oktober ha oversikt over bruken av investeringsmidlane for inneverande år.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

I budsjettvedtaket for 2026 vart det vedteke fylgjande prosjekt:

Startlån:
Budsjett for låneopptak for vidareutlån på 5 millionar er gjennomført. Det har også i år vore nokre utlån og vi har nokre søknader inne som ikkje er avgjort ennå. Vi har pr. nå godt med midlar for utlån.

Egenkapitalinnskot i KLP:
Noko høgare innskot enn budsjettera – må auke budsjettramma med kr 109 000,-.

Kommunale vegar:
Ligg godt innafor årets budsjettramme.

Bustader:
Ombygging av Skogtun til 4 leilighetar blir ferdigstilt i desse dagar og bygging av 8 nye leiligheter på tomta på Skogtun er i startgropa. Utbygginga av 26 bustadeiningar på Århusjordet er også tildelt entreprenør og ein skriv kontrakt i desse dagar. Alle bustadeiningar skal ferdigstillast innan utgangen av neste år. Budsjettera beløp kan vere noko i høgaste laget då det er noko usikkert kor langt ein kjem i løpet året men ein velger likevel å ikkje justere på nåverande tidspunkt.

Digitalisering:
Har ikkje vore store prosjekt innan digitalisering i år som kan klassifiserast som investering. Budsjettet kan nedjusterast for å dekke opp meirutgifter på andre prosjekt.

Kommunale bilar:
Det er kjøpt inn to nye bilar til heimetenesta i tråd med budsjett.

Gateljos Molandsmoen:
Prosjektet er ikkje gjennomført i år grunna den store utbygginga som skjer og ein vil sjå dette i samanheng. Budsjettert beløp kan difor frigjerast.

Prosjekt frå tidlegare år som ikkje var avslutta til nyttår:

Signalanlegg POS:
Prosjektet vart gjennomført og finansiert i fjoråret. Tilskotet frå Husbanken vart ikkje utbetalt før i år og er difor ei ekstrainntekt i år.

Takheisar POS:
Det var i år avdekt, etter tilsyn, stort behov for utskifting av takheisar på POS. Prosjektet kan finansierast med ekstrainntekt frå signalanlegget.

Andre prosjekt som har kome på i år:

Strandryddarutstyr:
Kommunedirektøren har i år valt å bruke delar av sin disponible investeringspott til innkjøp av ein strandryddar som kan brukast saman med kommunen sin traktor.
Dette utstyret gjer at ein kan gjere både Stykkevika og Bryggeparken til fine områder og trygt for badegjester å opphalde seg på strandområda.

Kjøp av tomteareal i Tøddebakkane:
For å få mest mogleg areal til bustadbygging har ein gjennomført utkjøp av leigeareal i Tøddebakkane, slik at Fyresdal kommune nå er eigar på heile bustadfeltet.
Utkjøpet må finansierast med kr 500 000,-.

Hestesportsenter:
For å frigjere areal på Molandsmoen måtte ein opparbeide nytt areal for hestesportsenter.
Så langt i år har investeringa ei utgift på seks millionar og finansierast med salssum av tomteareal på Molandsmoen.

Moghusfeltet – utviding:
Det er starta med grunnlagsinvesteringar for utviding av bustadområdet i Sørbygda. Prosjektet skal lånefinansierast jfr K-sak 15/26

Kjøp av aksjer:
Tidleg på året kom det førespurnad frå Telemark Bilruter AS om aksjeemisjon. Fyresdal kommune gjekk inn med 2,5 million med dekking frå disposisjonsfondet, jfr. K-sak 12/26.

Konklusjon:
Prosjekta som var tenkt gjennomført i år er i hovudsak gjennomførte innanfor budsjettrammene, med nokre små unntak. Gateljos Molandsmoen er ikkje starta då ein vil sjå dette i samanheng med den totale forvandlinga som skjer på Molandsmoen.
I tillegg har det kome nokre nye prosjekt gjennom året som også ligg i tråd med vedtak og nokre prosjekt er også avslutta i løpet av året.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunestyret tek oversikten på investeringsrekneskapen 2026 til orientering.
Administrasjonen justerar budsjett mellom dei ulike prosjekta i tråd med saksutgreiinga.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef